

Informasjon

HYRDINGRØYSTA

NR. 1/2020

PÅSKA

Grunnlagt 1938 - 81. årgang



God påske!

Frå redaksjonen

Når denne spalta blir skriven er vi i starten av ei vanskeleg og utfordrande tid for land og folk. Koronaviruset har sett omtrent heile samfunnet i pausemodus, og vi står framfor ei usikker framtid på mange måtar.

Vi opplever at det har blitt sett i gang tiltak for å minke smittespreiinga som vi aldri har sett i fredstid. Beredskapslover er tekne i bruk og regjeringa fekk for nokre veker sidan vedtekne lover som gir vide fullmakter til å fatte hastevedtak, utan å gå via Stortinget.

Store deler av samfunnet gjekk i dvale frå midten av mars, med store konsekvensar for næringslivet. Aldri har så mange blitt permitterte på så kort tid og aldri har så mange følt frykt for framtida.

Etter at skular og barnehagar vart stengde og veldig mange fekk beskjed om å arbeide heimanfrå, så vart det ein heilt ny og framand kvar dag for veldig mange. Men haldninga og innstillinga har stort sett vore, at dette skal vi klare og vi har sett ei fantastisk dugnadsånd. Men det er klart at utsiktene til redusert inntekt som mange har fått, har skapt uro for framtida, i tillegg til den angsten kanskje mange har hatt, og har, for viruset og sjukdommen.

Også kyrkja har merka konsekvensane av tiltaka mot smittespreiing og frå 15. mars vart kyrkjene stengde. Gudstenester og andre samlingar vart avlyste, dåp og konfirmasjon utsett og det vart innført strenge restriksjonar på gjennomføring av gravferder. Slike tiltak har kyrkja neppe nokon gong tidlegare sett i gong, og det var såleis ikkje utan grunn at sokneprest Silje Sørebo lanserte eit tilbod om bøn og lystenning for dei som føler angst og uro i ei vanskeleg tid. Det vart også oppretta ei ordning der prestante kunne kontaktast via SMS for så å ringe opp dei som måtte ha behov for nokon å snakke med. Desse tilboda vart godt mottekne, ifølgje soknepresten.

Både Kongen og Statsministeren var tidleg ute med taler til nasjonen for å trøyste og roe.

– Ikkje ta på kvarandre, men ta vare på kvarandre, sa Erna Solberg.

– Saman står vi i dette, og saman skal vi klare å komme gjennom det som ligg framfor oss, var Kongen sin bodskap til folket. Det var kloke ord frå begge, og vi for vår del kan berre peike på at få er betre rusta enn dette landet når det gjeld å takle ei krise som dette. Vi har ein solid økonomi og eit framifrå helsevesen som begge vil syte for at vi kjem ut av dette på ein god måte. Når det skjer, er umogeleg å vite, men det vil skjje ein gong der framme.

På framsida har vi denne gongen bilete av ein av kyrkja sine mange, trufaste slitarar. Marta Fimreite fylte 70 år nyleg og det er veldig mange som ønskjer å takke ho for alt ho har gjort for kyrkja gjennom meir enn 40 år. Vi har eit intervju med Marta inne i bladet der ho fortel om ei aktiv og spennande tid i Jølster.

Hyrdingrøysta ønskjer Marta til lukke med dagen som var, og ønskjer henne lukke til vidare som leiar av Ålhus sokneråd.

Så vil vi til slutt ønskje alle våre lesarar ei riktig god påske med oppfordring om å hugse Kongen sine ord. Saman skal vi klare dette, og saman kjem vi styrka ut att på andre sida av ein vanskeleg situasjon for landet vårt.



KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 479 79 115

Ope tysdag 9-15

Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.

post.jolster@sunnfjordkyrkja.no

www.kyrkja.no

www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180

E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:

Nils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:

Marta Fimreite tlf: 913 87 552

Helgheim sokn:

Astrid Aardalsbakke Feldt

☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo

Kontortid etter avtale

☎ 473 99 492

silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye

Kontortid tysdagkl. 9–15

☎ 57 72 85 06

toril.oye@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje

Inger Hageberg Øvrebo

☎ 416 94 472

Kontortid etter avtale

Ass.kyrkjeverje

Trond Herløsund

☎ 489 58 086

trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Vikarprest Carsten Langeland

Kontortid etter avtale.

☎ 902 39 173

carsten.langeland@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik

☎ 99127430

rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no

Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner

Kontortid etter avtale

☎ 489 58 165

ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal

☎ 97 64 90 16

epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER

Eit større vi

«Ber børene for kvarandre og oppfyll på den måten Kristi lov» (Gal 6,2).

«Du og Jeg er ikke rette ord å si. – Verdens håp er dette vesle ordet Vi.»

Hans Børli

Tekst: SILJE SØREBØ

Då statsministeren heldt pressekonferanse for det norske folk torsdag 12. mars la ho tungt innover oss at alle måtte ta ansvar for at vi som samfunn skal klare å handtere koronaviruset best mogeleg.

Det handlar ikkje berre om å trygge oss sjølve, vår eigen familie eller vår eiga bygd. Det handlar om at vi må stå saman for å gjere det vi kan for at færrest mogeleg av dei som er mest sårbare i samfunnet vårt skal bli råka. Det handlar om å ta ansvar for eit større vi. Dette er ei påminning som er viktig å ta med seg også når vi som samfunn har komme oss i gjennom denne krevjande situasjonen. Når alt har roa seg kan vi hugse på dei gode døma om korleis menneske stilte opp for kvarandre i denne tida, og la

det vere til inspirasjon i kvardagen. Vi må ikkje miste av syne det at kvar og ein av oss er ein viktig del av eit større vi, i bygda vår, i landet vårt, men også globalt, i verda.

Kvart år plar kyrkjelydane i landet vårt arrangere fasteaksjon til inntekt for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid for å gje menneske reint vatn på stader i verda der det er ei utfordring. Dette har hovudsakleg vore ein bøsseaksjon, der konfirmantar og andre frå kyrkjelydane har gått frå dør til dør og samla inn pengar. I Jølster har det vore stor gjevarinnsats ved denne aksjonen kvart år. Dette året blir ikkje fasteaksjonen gjennomført som bøsseaksjon på grunn av mogeleg smittespreiing. Men pandemien som har ramma verda, viser oss kor viktig Kirkens Nødhjelp sitt arbeid er. KN er til stades i 30 av dei mest sårbare landa i verda. Dei er allereie i gang med opplæring om koronaviruset og smitteførebygging i vass- og hygieneprosjekta i fleire av desse landa. Fasteaksjonen blir i år gjennomført digitalt, og vi kan alle vere med å gje.

I tillegg til den årlege fasteaksjonen, har kyrkjelydane i Jølster eit fast misjonsprosjekt som dei støttar gjennom forbøn og kollektar ved gudstenester. For dei neste fire åra har Ålhus og Helgheim sokneråd valt seg ut eit prosjekt i India gjennom

Normisjon. Dette prosjektet handlar om å betre rettane til fattige steinarbeidarar i Assam i India og om å setje inn tiltak som kan stanse dei negative verknadene som steinindustrien har på skogen, jorda og grunnvatnet.

Både gjennom fasteaksjonen og dette prosjektet i India, som kyrkjelydane i Jølster vil støtte i åra framover, ynskjer vi å lyfte fram at vi her i Jølster er ein viktig del av eit større vi, globalt. Jesus kallar oss til nestekjærleik, ein nestekjærleik der solidaritet med dei mest sårbare står i sentrum. Håpet i verda ligg i dette, at vi følgjer kallet til solidaritet og nestekjærleik, men også i dette at Kristus sjølv levde denne kjærleiken for oss. For i den kristne trua finn vi ikkje berre den etiske fordringa, men også håpet om eit vi som er mykje større enn vi kan gripe og forstå. Fordi dette vi'et som trua gjev oss del i også rommar Gud. Ein stor Gud gjorde seg sjølv liten og sårbar då han vart menneske, i solidaritet og kjærleik til oss. Ein Gud som bøygde seg ned for å lyfte oss opp.. Ein Gud som i Kristus har vist oss ein kjærleik større enn alt anna. Større enn alt som er mørkt og trugande i denne verda. Større og sterkare enn døden sjølv.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon. Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året.

Betalinga er frivillig. Annonsøren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år. For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast.

Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703. 30 09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

Hallstein Dvergsdal,
Björg Dvergsdal og
Hildegunn Huus
halldve@frisurf.no
Neste nummer kjem i juni.



I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)

Møte med eit dikt

Denne gongen er det **Grete Skaar Sunde** som presenterer eit dikt ho er glad i.



Det var eit enkelt val for Grete Skaar Sunde når ho vart utfordra på eit dikt ho likte, det måtte verte Jakob Sande.

Sidan eg vaks opp ut med havet, midt i Jakob Sande-land, tenkjer eg: Det MÅ no verte han! Men skal det vere noko av det vare, fine, eller burleske og på spissen. Då tenkjer eg på den gongen eg hørde Jakob Sande «live». Han las-song om vesle Daniel. Denne guten som drog frå den trygge, men fattige barndomsheimen og ut i den store verda for å fylle «låsungen». Mange gitar gjorde det i mi heimbygð. Første-reisguten var 15 – 16 år, hadde aldri vore på lange reiser før, kunne berre norsk og han visste vel lite om kva han gjekk til. Sjølv vart eg nok ein Knute-Sivert når det var naboguten sin

tur å reise. Han var nett konfirmert. I mine auge var han stor, modig og vaksen. Seinare, som mor og bestemor, kan eg lett sette meg inn i tankane som vart tenkt ved «leddiken», ei førstereis varte gjerne i to år. Ho visste det var mange spanande, men farlege opplevingar der ute. Daniel kom heim att som «storkar» og naboguten vart skipper.

Jakob Sande har eit dikt til oss alle i dei fleste situasjonar, dette er eit av dei mest kjende både i ord og tonar. Eg kan vel ikkje sei at det er desse orda som er viktigast for meg no, men det sette sine spor når eg hørde dei som ni-åring - og kanskje vi bør

Vesle Daniel (då Daniel drog)

Av Jakob Sande

*Vesle Daniel skal ut i verda
og gjer kista klar i denne stund.
Over store hav mot sør går ferda
med «San Salvador» av Haugesund.*

*Der kjem far hans, gamle Dave Myra,
med ein låspung, messinggul og blank,
og slær fast at ber ligg månadshyra
like trygt og stødt som i ein bank.*

*Men på kne ved leddiken ligg mor hans
og legg plagg for plagg i kista ned,
medan Knute-Sivert, yngste bror hans,
står og tryglar om å få bli med.*

*Mjukt og varleg stryk ho dyffelstroya
som skal pryde Daniel i land,
og eit dobbelt kvitlepar for køya
legg ho ned med kjærleg moderband.*

*Under loket ruvar reisenista
reine julekosten er det plent,
og på heidersplassen øvst i kista
lyser salmebok og testament.*

*Men frå leddiken i løynd det glimtar
i eit lite flekkut skilderi,
der med blomstret barneskrift ein skimtar:
«Di til døden trufaste Mari».*

*Har din glade lått med gråt seg blanda?
No er timen komen, Daniel!
Havet kallar på deg, kom med handa,
vesle Daniel, farvel, farvel!*



tenkje litt på naboguten og Daniel, dei er ei lita, men viktig brikke i den nære historia vår.

Dei som levde før oss

Tankar i ei koronatid

Forfedrane våre levde i ei tid som skil seg så sterkt frå vår tid at vi har vanskar med å forstå og leve oss inn i deira kår. Dei rådde over få og enkle hjelpemidlar.

Tekst: KNUT OSVOLL

Maskiner til å lette arbeidet fanstikkje. Dei brukt egne krefter så langt dei rakk. Difor vart mange av dei tidleg utslitne.

Det meste var gikt

Slitasjesjukdomar var sterkt utbreidde. Alle sjukdomar som dei ikkje forstod kva dei kom av, heitte gikt. Og dei fleste leid av det alt i førtiårsalderen. Levealderen var kort. I dei fleste heimar miste dei småborn i barnesjukdomar, sjukdomar som vi i vår tid har vunne over. Kosthaldet var einseitig og dårleg. Det var vanleg å sjå magre og bleike born.

U-land

Dei levde i eit utviklingsland. Eit utviklingsland som vi har lagt bak oss. Eg trur det er rett



Felles 17-mai-feiring for Dvergsdal, Sunde og Myklebust i 1948. Vi ser Fana til Myklebust Ungdomslag som Nikolai Astrup måla. Foto: Tollef Sandal.

å hugse det, når vi les om dei. Med slit og nøysemd bygde dei det landet vi har fått å bu i. På mange måtar haustar vi frukterne av arbeidet deira. Men vi veit dei var menneske med sorger og gleder, med lengt og draumar. Slik som også vi har.

Avhengig av høgare makter

Forfedrane våre hadde eitt felles trekk: Dei var avhengige av ein Far ihimmelen som såg dei, hjalp dei både på land og hav og hadde omsorg for dei i sorg og glede. Dei fekk røyne kor lite dei makta mot naturkreftene,

mot sjukdom og mot uår som råka heile bydelag. Difor hadde alle ei gudstru. Hos enkelte var ho lite medveten, men ho låg i botnen og styrde livet når noke stod på. Hos andre var ho sterk og levande og medveten.

Lite medisin og helsestell

Dei mangla medisin og helsestell mot sjukdom og epidemiar. Dei måtte stole på egne krefter og såg ofte kor lite dei strakk til. Når det kom uår med kulde og store mengder med nedbørså avlinga svikta, fekk dei problem med å skaffe nok mat. Dei hadde ingen butikk der dei kunne kjøpe det dei trong. Men dei merka at dei hadde Guds velsigning over arbeidet og den vinninga dei fekk av det. Difor greidde dei seg og møtte kvardagen og slitet under ein open himmel.



Sjolv om dei badde det vanskeleg, var kyrkja ein viktig institusjon i eldre tider. Dette fotoet syner Helgeimskyrkja slik ho var i starten, med vindauge i koret og vedomn. (Foto: Fylkesarkivet)

Magisk irsk kveld på Ålhus

Dei om lag 60 publikumarane som var til stades i Ålhus kyrkje tysdag 21. januar, fekk med seg ei unik oppleving. Den intime kyrkja eigna seg godt til denne framsyninga.

Tekst: INGER JANGÅRD Foto: BJØRG DVERGSDAL

Og sjølv ikkje dei smale kyrkjebenkene som kjem inn under kategorien «Vakre, men vonde» klarte å minske opplevinga av å vere med på ei vidfull og underleg reise til ungdomslandet, langt vest i havet.

Eit land der ein er evig ung, eller lever evig. Noko ein også finn parallellar til i fleire mytiske verdenar, til dømes med Valhall i norrøn mytologi.

Forfattar og musikar

Det var Anne Kristin Aasmundtveit, forfattar, redaktør og bibelbrukskonsulent, som med sin fantastiske formidlingsevne tok oss med på reisa, i lag med Øyvind Lyslo. Med sitt klassiske gitarspel har Lyslo gleda mange av oss tidlegare, både som mangeårig fylkesmusikkleiar i Sogn og Fjordane, og som her, musikkprodusent og frilansmusikar. Heilt utan forsøk på å briljere, er han berre briljant. Basta. Han spelar følsamt, temperamentsfullt og rikt. Nokre songar presenterte han solo, andre gongar fletta tonefølgjet og forteljarstemma seg i kvarandre. Dei to hadde knapt fått øve ilag. Men samspelet var så framifrå at Silje prest, då ho etter førestillinga takka aktørane, uttalte, kanskje med eit lite glimt i auget: Kven skulle tru at de to ikkje har hatt noko saman før!

Vamp-melodi

Ord og tonar tok oss med over Irlands grønne slettar, over brusande, bølgjande hav. Det var som vi kjende vinden i andletet og havet under føtene. Aasmundtveit med sitt fyldige kroppsspråk og sin rytmiske forteljarstil levandegjorde legenda om lykkelandet Tir n´a Noir, den mest kjende mytiske verda i irsk mytologi. Som introduksjon spela Lyslo eit eige arrangement over melodien «Tir n´a Noir». Denne melodien av Øyvind Staveland, med teksten til Kolbein Falkeid, blei første gong spela inn av Vamp i 1993 og byggjer på den same legenda. «Va du hud, va du blod...». Var du verkeleg?



Fylkesmusikar Øyvind Lyslo og forfattar Anne Kristin Aasmundtveit sytte for ein magisk kveld i Ålhus kyrkje.

Sunniva-legenda

Den siste legenda dei to formidlarane tok oss igjennom, var legenda om den vakre kongsdottera Sunniva som på 900-talet flykta frå Irland og hamna i Noreg. Ho flykta for å sleppe å gifte seg med ein heidensk, brutal og ivrig beilar som ville truge ho til ekteskap. Denne segna vart introdusert med «Syngande strenger», komponert av Øyvind

Lyslo sjølv, og som er tittelmelodien på plata som han og Arne M. Sølvberg i si tid vart nominerte til Spelemannsprisen for.

Sunniva og følgjet hennar flykta over havet med tre skip utan segl, ror eller årar. Dei dreiv nord-austover og stranda i Noreg. Øyvind Lyslo sin komposisjon «Homage» illustrerte bylgjene og stormen dei kom ut for undervegs. Sunniva kjem endeleg fram

Allsong i prestegarden



Det var fullt hus i prestegarden etter førestillinga i kyrkja.

Etter programmet i kyrkja var publikum invitert til ope hus i Prestegarden.

Langt dei fleste tok turen dit, og jammen var der stolar til alle i den varme og trivelege heimen. Og for dei av oss som til vanleg ikkje har tilknytning til noko trussamfunn, kan det nemnast at det ikkje vart stilt krav om nokon truvedkjenning ved inngangen. Her kjende ein seg velkomen. Ein vart traktert med te/kaffi og

heimebakst laga av bibelgruppa på Ålhus og nokre fleire eldsjeler. Etter maten var det allsong leia av Silje Sørebo, vertinna i heimen. Ho hadde plukka ut salmar med opphav i Irland eller andre av dei keltiske øyane. Her var det berre å henge med så godt ein kunne, med Rune Mølvik ved pianoet og nokre røynde songarar å stø seg til. Noko lettare var det å synge med på to av dei kjende songane som

var brukte i konserten tidlegare same kvelden, og som var trykte opp i programmet. Her fann ein også to folketonar som A.K. Aasmundtveit hadde laga tekst til. Den eine til bruk 2.søndag i påsketida. Den andre, «Når kropp og sjel må ta farvel» som ho hadde laga ved bortgangen til ein kjær ven og som ho også framførde sjølv på vakkert vis.

Eg takkar arrangørane og aktørane for ei storslått oppleving.



Silje Sørebo leia allsongen der det mellom anna vart sunge keltiske salmar.

til øya Selja der dei er trygge for ver og vind, nydeleg framstilt av gitaristen gjennom Kjetil Bjørnstad sin «Sommernatt ved fjorden».

Men Sunniva med følgjet sitt vart sett på med mistru av folket på fastlandet som mellom anna klagde dei for å stele sauar. I frykta for dei fastbuande og for forføljarar frå Irland, bad dei til Gud om hjelp. Dei vart bønnehørde då store steinblokkar rasa ned og stengde dei inne frå farane. Under dramatiseringa hørde vi forsepet til eit arrangement av «Vær trøstig mitt hjerte».

Helgenstatus

Der i fjellhola bak store steinblokkar var Sunniva-følgjet sperra inne og fortapte. Men det tok til å hende underlege ting på Selja. Og Olav Tryggvason ville ta turen dit i lag med biskop Sigurd. Han fann då beinrestane etter fylgjet i fjellhola. Men Sunniva låg som om ho sov, og var omgitt av ein søt og behageleg duft. Olav Tryggvason tok Sunniva med seg tilbake til båten «som ho skulle ha vore hans brud». Seinare vart ho skrinlagd, omkring 960 og snart sett på som heilag. Tonefylgjet til Olav Tryggvason med

Sunniva i armene, var i Ålhus kyrkje «Fattig Ynskje», ein melodi av Per Indrehus frå Voss. Framsyninga vart avslutta med ein song som Aasmundtveit sjølv har skrive teksten til.

Arrangørar for denne hovuddelen av programmet var Svidal skriverseri og kyrkjene i Jølster i samarbeid med Folkeakademiet (i dette høvet Jølster Litterære Folkeakademi som er nystarta og tek høgde for å arrangere fleire slike litterære kveldar rundt om i bygdene).

Marta har meir enn 40 års tenest

Eldsjel med
mange jarn i
elden fyller år



Har ingen planar
om å trappe ned

– Dette kan no vel ikkje vere noko å skrive om, var beskjeden vi fekk frå Marta Fimreite då vi ringde for å avtale tid for ein prat med den pensjonerte læraren og dugnadsmennesket.

Tekst og foto: HALLSTEIN DVERGSDAL

Det var i 1976 at den unge læraren frå Sogndal kom til Jølster og lærargjerning på Vassenden skule. Der vart ho verande til ho gjekk av med pensjon for tre år sidan. Men framleis blir pensjonisten henta inn når skulen treng ein vikar og Marta har ikkje fritidsproblem.

Soknerådet

Marta Fimreite kom tidleg i kontakt med kyrkja og arbeidet i kyrkjelyden og i 1979 vart ho vald inn i soknerådet for Ålhus sokn. Sidan har ho gått ut og inn av soknerådet og sit no som leiar i sin andre fireårsperiode.



Marta Fimreite er eit kjent fjes innan kyrkjelydsarbeidet og på mange andre felt i Jølster.

– Mykje har endra seg når det gjeld soknerådsarbeidet. No har vi eit kyrkjekontor som gjer mykje for å legge ting til rette for oss som sit i sokneråda. Det hadde vi ikkje då eg kom inn i soknerådet for over 40 år sidan, seier Marta som har hatt mange gjerningar i kyrkjelydsarbeidet. Soknerådet er ein ting, men lista over andre ting ho har sysla med i kyrkjelyden er lang. Det handlar om barneforeiningar, konfirmantgrupper, bibelgruppe og torsdagsklubben som ho no står bak i lag med soknepresten og som er eit tilbod på Vassenden kyrkjesenter.

– Dette er slikt som er motiverande å drive med, sidan eg ser at dei eg hadde i

barneforeining for mange år sidan, no kjem med sine born og vil ha dei med.

– Kva er drivkrafta bak alt dette gjennom så mange år?

– Eg er glad i kyrkja og som kristen ser eg det som ei oppgåve å bringe evangeliet vidare til nye generasjonar, svarar kyrkjelydsarbeidaren som fyller 70 år seinare i månaden.

Mange oppgåver

Marta Fimreite har vore aktiv på mange felt, ikkje berre i kyrkja. Ho har vore, og er støttekontakt, ho likar å gå på besøk på institusjonane og ho er med i lesering. Ho

e for kyrkje og kristenliv i Jølster



– Eg er glad i kyrkja, seier Marta som har Vassenden kyrkjesenter som si kyrkje i dag.



Som medlem av soknerådet var Marta involvert i feiringa av Ålhus kyrkje sitt 200-års jubileum.

er stadig med på ymse dugnadsprosjekt, ho stiller ofte heimen til disposisjon som samlingslokale og ho har hatt både barneforeining og konfirmantgrupper heime hos seg. Men ho har også to periodar bak seg i kommunestyret for Krf og no på nyåret vart ho vald inn i samarbeidsutvalet for Skei skule.

– Eg prøver å stille opp når det trengs og nokon treng hjelp. Eg har også stor sans for dei nye landsmennene våre og har mellom anna stilt opp som leksehjelp for nokre av dei som bur i nabolaget. På den måten har eg fått mange nye vener, vener som eg set stor pris på. Eg opplever også at eg blir be-

den om å hjelpe dei med ymse andre ting, ikkje berre lekser, og eg tykkjer det er kjekt at dei har tillit til meg, smiler Marta og dreier samtalen inn på ein av sine mange andre interesser, nemleg lesing.

Faktabasert

Marta Fimreite er som sagt medlem i ein lesering der åtte-ni menneske møtest og diskuterer bøkene dei har lese.

– Slikt er kunnskapsutviklande, seier læraren som alltid har likt å lese, men som først dei siste åra har funne ut at det faktisk går an å setje seg til med ei bok midt på dagen.

– Eg er oppvaksen på ein liten gard på Fimreite og der var vi opplærde til at arbeidet kom først, og at slikt som lesing hørde kveldar og søndagar til.

– *Kva er favorittlitteraturen?*

– Eg likar nok best slikt som er faktabasert, som dokumentarar og liknande, svarar Marta og hentar fram ei bok.

Mykje har endra seg

Marta Fimreite har opplevd seks prestar sidan ho kom inn i kyrkjelydsarbeidet. Både kyrkja og prestane har endra seg mykje på desse førti åra og Marta meiner at endringane stort sett har vore positive.

– Eg opplever at terskelen for å gå til kyrkje er lægre no enn før, men eg ser også at vi misser ein del på grunn av at kyrkja har endra syn på enkelte sentrale problemstillingar. Vi har til dømes dette med homofile ekteskap og uroa som har vore kring det med kyrkja si rolle i å vie homofile/lesbiske par. Kvinnelege prestar var også eit vanskeleg tema ei tid tilbake. Det er synd at somme har valt å melde seg ut, vi hadde hatt bruk for alle i fellesskapet vårt, seier Marta alvorleg.

Men sjølv har ho altså halde ut og har ikkje tenkt å gje seg med kyrkjelydsarbeid. Ho tenkjer tilbake på arbeidet i kyrkjelyden med glede og ho snakkar varmt om alle ungdomane ho har møtt, både som lærar og gjennom konfirmantgruppene ho har hatt med å gjere.

– Eg hugsar ei av desse gruppene, der ungdomane likte å komme hit til meg fordi maten var god.

– *Korleis er ungdomane i dag, samanlikna med tidlegare?*

– Ungdomane i dag er veldig imøtekommande, høflege, tek ansvar, og har respekt. Det ser ikkje ut til at dei har så mykje fantasi til å finne på sprell som vi kanskje hadde. Skulen har også endra seg mykje gjennom mi tid som lærar og i dag er det mykje tettare oppfølging av kvar enkelt elev enn før. Ungdomane er også meir opplyste på mange område enn før og dei er meir utoverende, konkluderer læraren som mesteparten av tida har undervist på barne- og mellomtrinnet og som dei siste åra var undervisningsinspektør på Vassenden skule.



I kyrkja trefte Marta Aman frå Eritrea med borna Hemen t.v. og Isak. Aman var i sving med å vaske då vi var der og han er blitt eit vanleg syn når det skjer noko på kyrkjefronten i Jølster.

– Eg har følt meg heime i Jølster og har hatt ein god arbeidsplass. Eg har hatt og har mange, gode vener og kollegaer. Det meste er på plass når du har det bra privat og på arbeid, slår ho fast.

Også misjon

Marta Fimreite hadde ein periode på fem år, frå 1989 til 1994, då ho var lærar i 50 prosent

stilling og resten av tida vart brukt på å arbeide for Santalmisjonen.

– Ytremisjonen har alltid vore viktig for meg og eg hugsar emissærane som reiste rundt og fortalde frå misjonsmarkene. Og er det nokon som har tenkt å gje meg gåve til 70-årsdagen, så kan dei gje den til eit sjukehusprosjekt i Nepal som er resultat av eit internasjonalt misjonsprosjekt, er be-

skjeden frå Marta som også har tankar om dagens klimadebatt.

– Vi må tenkje på dei som kjem etter oss. Eg har alltid vore nøysam og eg tenkjer at eg har meir enn nok i skuffer og skap og ikkje treng å kjøpe noko særleg. Elles kan eg no seie at ein dag for veka arbeider eg på «Bruktbui» i Sogndal. Der er det kjekt å vere og der treffer eg mange kjekke menneske, fortel den spreke pensjonisten som stadig er i sving med eitt eller anna og som på alle måtar er samfunnsengasjert.

– Er du ei eldsjel?

– Det må andre svare på.

– Mange meiner det.

– Ja, då har dei vel den oppfatninga då, men eg er meir oppteken av å vere trufast enn populær. avsluttar den aktive dama som på ingen måte har tenkt å trappe ned på den frivillige aktiviteten. Men den planlagde bursdagsfeiringa på Vassenden kyrkjesenter 31. mars, måtte avlysast grunna korona epidemien.



Marta likar å lese og har lenge vore med i lesering.

Påskenenøtter

Kyrkje og Bibel, før og no

1. Kor mange kyrkjesokn er det i dag i Sunnfjord kommune?
2. Kor mange kyrkjer er det i Sunnfjord kommune?
3. Kven er leiar for soknerådet/ sokneråda i Jølster?
4. NRK sin TVserie Mammon var populær då den gjekk på TV. Mammon er eit bibelsk uttrykk som tyder kva?
5. Justin Bieber har tatovert følgjande sitat på skuldra:

«Your word is a lamp for my feet, a light on my path».
Kvar I Bibelen finn du dette sitatet?

6. Ramaskrik er eit bibelsk uttrykk. Korleis oppstod uttrykket?
7. Kven var Israels første konge?
8. Kven av kongane var det som etablerte Jerusalem som hovudstad?
9. Kor mange dagar levde Jesus på grashopper og villhonning?



10. Kvar meiner ein at verdas første kyrkje låg?

11. Det er litt usikkert kva som er Noregs eldste kyrkje, bygd i stein.

Den heitaste kandidaten har blitt reist av sjølvaste Olav Trygvason. Kvar ligg den?

12. I mange kyrkjer finn ein inskripsjonen INRI, som tyder kva?

Svar på konkurransen i julenummeret

1. Jon Egge har laga stien som fører til Hamnanova (Nova) 2. Fotografen har stått på skogsveggen på Hus 3. Klauva 4. Knausane (Høgda mellom Husstølen og Husnova) 5. Middagsfjellet 6. Dammen ved Fossheim kraftverk 7. Svidalsneset 8. Sundstølen. Roald Sunde eig selet 9. Jølstra kraftverk/ Sunnfjord energi/ YIT 10. Nedrebødalen

Kode B-samlingane i Jølster



Boka «Det nye testamentet og salmane, friluftsgåve» vart delt ut til dei som var med på Kode-B samlinga.

«B», det betyr: bollar, blåbær, boblevatn...

Tekst: UTE LINDNER Foto: BJØRG DVERGSDAL

Neidå, det betyr sjølvsagt **BIBEL**! Det visste alle barn, som var med på dei forskjellige samlingane på Skei misjonshus og Vassenden kyrkjesen-ter i januar, februar og mars.

Viktig bok

Bibelen har mange koder som må løysast og det er mykje å finne ut om denne viktige boka

og det var fleire tema vi jobba med, som kva finn vi i Bibelen? Kva betyr ordet? Korleis finn vi fram i Bibelen, når vi ikkje bruker sidetal?

Vi utforska ein veldig stor Bibel, vi såg bilete av den minste bibelboka og mykje meir. Og så var det sjølvsagt song og leik, i tillegg til Kode B-mat: bollar, blåbær ...

I dei to gudstenestene fekk alle barn endeleg si eiga bok: «Det nye testamentet og salmane, friluftsgåve».

Det var veldig flott at vi kunne jobbe og utforske saman! Takk til alle som var med.

VI SKAL MØTAST

Vi skal møtast når dette er over, ved eit bord i ein smekkefull kafé, i ei kyrkje, i midtgangens vrimmel mot Guds alter og det som skal skje. Vi skal feire og syngje og le.

Vi skal gje til kvarandre eit løfte, at vi møtast når vegen er gått. Når det mørke og vonde er bak oss. Når den prøva vi fekk, er bestått, skal vi dele det svar vi har fått.

Men alt no veit vi svaret, vi veit det. Det å elske kvarandre er alt, bere bærer når ein har for mykje, halde oppe når nokon har falt. Til å elske, til det er vi kalt.

(Tekst: Hans Olav Mørk, 14. mars 2020. Omsetjing til nynorsk: Silje Sørebo)



Påskekrim i kyrkja

Konfirmantkapper

Det nærmar seg konfirmasjon og det er mykje å gjere i kyrkja. Alt skal klaffe på konfirmasjonssøndagen, Det gjeld for dei som arbeider i kyrkja, konfirmantane med familiar og kyrkjelyden.

Tekst og bilete: HILDEGUNN HUUS

I år er konfirmasjonane utsette, men Konfirmasjonssøndagen er ein slik dag som spikrar seg inn i minnet, enten den blir fin eller om noko går på tverke. Det som blir fortalt om her kunne skjedd om ting var meir normalt enn i år.

Konfirmantkappane er vekke

Presten har samla troppene for det som skal vere siste samling før påske og konfirmasjonssøndag for å gå gjennom alt som skal gjerast til den store dagen. Det skal gjerast opp status. Forsamlinga noterar litt på nettbretta sine. Det vert sett fram kaffi og noko å bite i og praten går lett. Presten tykkjer å merke at det er ein som ikkje heilt er med i den lette samtalen dei har rundt kaffibordet og det er kyrkjetenaren i Helgheim kyrkje. Han har sit veldig stille. Men presten vel å oversjå det, og pratar med alle om laust og fast.

Etter ei hyggeleg kaffiøkt er det tid for oppsummering før alle går kvar til sitt. Organisten og presten har vore litt usamde om songar på den stor dagen, men dei har komme fram til det dei føler er eit godt forslag. Kyrkjetenaren i Helgheim er ein av dei siste som har ordet og han vrir seg på stolen og har det ikkje heilt godt. Men så kjem det; konfirmantkappene er ikkje å finne. Han har leita heile kyrkja rundt, sjekka hos dei som skulle vaske dei om jobben er gjort, og om dei har dei liggande, men nei ingen kapper er å finne.



Dramaet med konfirmantkappene til Helgheim kyrkje enda godt til slutt.

Kan dei vere kasta?

Alle vert noko betenkte. For det er ikkje mange dagane sidan det var opprydding i og rundt kyrkja og ein god del vart brent og ein del gjekk i bosset. Kan nokon ved eit uhell ha kasta feil kasse eller pose på bålet. Det er utenkjeleg, men kva skal ein tru. Nei det er ikkje sannsynleg, for det var lite rydding inne i kyrkja, og kappene stod i alle fall ikkje ute. Det vert ein del diskusjon fram og tilbake før alle går kvar til sitt. Men dei blir samde om å gjere forsiktige undersøkingar, kvar på sin kant og dei var opptekne av at ikkje pressa skal få greie på kva som har, eller ikkje har skjedd.

På veg heim frå møtet stoppar kyrkjetenaren ved Helgheim kyrkje for å ta ein ny sjekk i kyrkja og området rundt. Det er tre veker sidan det var gudsteneste og nesten like lenge sidan det vart vaska og rydda.

Kyrkja blir sjekka

Kyrkjetenaren låser seg inn døra til barnesakristiet og går inn i kyrkja. Men kvar er det ikkje leita eller undersøkt? Her er ikkje så mange alternativ. Kyrkjetenaren går systematisk til verks. Han byrjar på loftet og der må han vere varsam sidan der ikkje er skikkeleg golv og han må sjå seg nøyte for og passe på kvar han stig.

på avveggar



Med eit oppdagar han noko, det er fotspor i støvet på nokre av bjelkane/fjølene som han stig på. Det er ikkje kyrkjetenaren sine fotspor, men det er heller ikkje noko uvanleg med fotspora. Ein eller annan har i alle fall vore på loftet i kyrkja, men kven og kvifor er vanskelegare å skjøne.

Det har vore byggearbeid ved kyrkja, ny garasje/reiskapshus er komme på plass og det har og vore gjort noko vedlikehald ute. Kan det vere at kassen med kappene er sette i det nye huset. Håpet om å finne kappen kjem tilbake hos kyrkjetenaren. Men for å vere heilt sikker på at kappene ikkje er i kyrkja tek han heile runda, men utan resultat.

Er dei i garasjen?

Kyrkjetenaren bestemmer seg for å gå å sjå på den nye garasjen som nett er ferdigstilt. Nøkkel finn han på avtalt plass og tek turen bort til bygget. Der var det ryddig, lyst og fint og det står faktisk nokre kassar og sekkar stabla på den eine sida. Etter ei heil, lita økt der alle kassar og sekkar blir undersøkte, må kyrkjetenaren berre innsjå at konfirmantkappene ikkje er å finne der heller. Det heile vert meir og meir uforståeleg. Må han gå til det skritt å gjere kjent at konfirmantkappane er vekke, og be om at alle som har vore i eller ved kyrkja etter sist gudsteneste, tek kontakt. Men det vert pinleg og han bestemmer seg for å vente litt til med det.

Vel heime tek han fram nettbrettet for å lese Firda Tidend og Firda, før han tek til å lage middag. Det var ikkje så mykje å lese, mest annonser og litt om idretten i Førde og kulturlivet i Gloppen. Så han legg brettet frå seg på bordet og tek til med middagen.

Ei melding dukkar opp

Etter at potetene er komme på kok og resten er klart tek han igjen opp nettbrettet for å slå det av og legge det vekk. Men der er kommen ei melding og første tanke er at dette kan vere lureri. E-post-adressa er nemleg ikkje kjend, men der er ikkje noko vedlegg slik det ser ut, så då kan han i alle fall opne meldinga. Han opnar og les, men skjønner ikkje heilt kva som står der. Det står noko om kunstverk og andre kyrkjeleg gjenstandar som stå plassert på Statens vegvesen sitt kontor på Skei. Det er snakk om eit par kassar, og dei skjønner ikkje kvifor dei står der. Kan kyrkjetenaren komme innom og sjå på det som er der, og hente det?, spør dei. Dei avtalar at kyrkjetenaren kan komme innom dagen etter kl. 09.00.

Neste dag er kyrkjetenaren på plass hos Statens Vegvesen til avtalt tid. Han håpar at løysinga på mysteriet om konfirmantkappane kan ligge der, men er det truleg? Etter at kassane er komme kyrkjetenaren i hen-



Mange spor vart sjekka, men dei viste seg stort sett å vere blindspor

de er han rask til å få dei i bilen og køyre til Helgheim kyrkje for å få dei undersøkte. Men det blir nok ei skuffande oppleving. Kassane skule ikkje til Helgheim kyrkje, men til Jølster Design. Han får berre ta dei med seg til Skei og levere dei, men kva med kappene?


Lukkeleg slutt

Då kyrkjetenaren kjem til Skei køyrer han rett til Jølster Design for å levere kassane. Iren tek i mot kyrkjetenaren og saman ber dei kassane inn på eit lagerrom. Når kyrkjetenaren set frå seg den kassen han ber ser han at det står ein kasse med kvit stoff eller liknande og han snur seg til Iren og spør kva dei brukar det til. Jau, dei pakkar inn kyrkjekunsten i dei når den skal sendast eller flyttast.

– Brukar de mykje då, spør han, men svaret er nei. Det handlar om nokre meter for året, får han vite. Då tek det til å kverne oppi hovudet til kyrkjetenaren; dette ikkje lerret i metervis, dette er noko heilt anna, og han spør Iren om han kan kikke ned i kassen. Ja det må han berre gjere, men kvifor det spør ho.

Kyrkjetenaren har ikkje tid å svare han er alt i gong med å rote ned i kassen. Det kjem fort for ein dag at det er konfirmantkappene som er i kassen, men kvifor er dei der? Svaret dukkar opp i hovudet til kyrkjetenaren før han opnar munnen. Kappene skule oversjåast og eventuelt reparerast, og det skule Jølster Design gjere. Kyrkjetenaren spør Iren om ikkje det er rett. Iren tenkjer seg litt om og så kjem det:

– Jau det er rett og det er litt tid sidan vi gjorde det. Dermed enda det godt til slutt og kyrkjetenaren var sjølvstøtt nøgd med at kappene var komme til rette. Men han var ikkje nøgd med at han ikkje tenkte på denne løysinga då han leita etter kappene.

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433

JØLSTER RØR AS

Tlf. 57 72 83 50 / 959 87 820
Bjørn 959 87 822 / Geir 959 87 823



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP MARKED SKEI

Måndag–fredag: 8–21
Laurdag: 9–18

Tlf: 57 72 83 77
skei@marked.coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høy kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 | fjordan.no | eirik@fjordan.no

Fjordamat TUNET
- kurs og oppleving

Støfringsdal | Tlf. 951 46 531 | fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

BOSCH Service **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

Eikås Frisør

EVA AARSETH
Tlf. 57 72 75 88



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no



JØLSTER BYGG

Handverk i levande tre

Tlf. 57 72 74 15 • jolsterbygg.no



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnesand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



ALF HELGHEIM & CO AS

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no

FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK



ROALD SUNDE
Maskinentreprenør - Sentral godkjenning

Tlf. 57 72 81 91 / 952 31 915
GRAVING • TRANSPORT • MURING • SANDTAK

VASSENDEN TAXI
mob. 482 10022
Drosje, rullestolbil og minibuss

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde AS
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

GUDSTENESTER

For å hindre spreiding av koronaviruset er gudstenester og andre samlingar i kyrkjene avlyste inntil vidare. Når Hyrdingrøysta no går i trykken, veit vi ikkje når vi vil ta til med åpne gudstenester att. Kanskje blir ein god del av gudstenestene i gudstenesteplanen ikkje noko av. Konfirmasjonsgudstenestene er blitt utsett til etter sommaren. I påvente av at vi kan ha gudsteneste som vanleg igjen, oppfordrar vi til at vi kan samlast rundt radiogudstenestene på NRK P1 kl 11 på søndagane.

På nettsida til Sunnfjord kyrkjelege fellesråd, www.sunnfjordkyrkja.no, vil det bli lagt ut søndagstankar til kvar søndag, og på Bjørgvin bispedømme sine nettsider, <https://kirken.no/bjorgvin>, kan du dagleg sjå overføring av bønestund med andakt og musikk frå Mariakirken i Bergen. Dette skjer kvar dag kl. 12 og biskopen oppfordrar både kyrkjelege tilsette og kyrkjelydane til å vere i bøn på dette tidspunktet, kvar på sin stad. Ynskjer du at nokon skal tenne lys for deg i ei av kyrkjene i Jølster, kan du ringe eller sende melding til ein av prestane i Jølster. Prestane er også tilgjengelege for samtale over telefon.

Kyrkja er vår heim**APRIL****Palmesøndag – søndag 05.04**

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Familiégudsteneste med nattverd

Skjærtorsdag – torsdag 09.04

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.19:00
Gudsteneste med nattverd. Kveldsmat etter gudstenesta.

Langfredag – fredag 10.04

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
Pasjonsgudsteneste med lesing av lidings saga
Pasjonsmusikk på orgelet: kl.10:30 – 10:50

Påskedag – søndag 12.04

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Høgtidsgudsteneste. Konfirmantane tek del. Páskeplask.

2. påskedag – måndag 13.04

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.19:00
Songkveld. Vi syng salmar knytt til påkehøgtida.

2. søndag i påsketida – søndag 19.04

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
Gudsteneste med nattverd

3. søndag i påsketida 26.04

VASSENDEN KYRKJESENTER kl. 11

MAI**4. søndag i påsketida – søndag 03.05**

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

5. søndag i påsketida – søndag 10.05

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.11:00

Søndag 17.05

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00

Familiégudsteneste.

ÅLHUS KYRKJE kl.12:30

Familiégudsteneste

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.15:00

Familiégudsteneste

Helgetorsdag – torsdag 21.05

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00

Søndag før pinse – søndag 24.05

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Familiégudsteneste.

Pinsedag – søndag 31.05

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
Gudsteneste med nattverd.

JUNI**2. pinsedag – måndag 01.06**

HAMNANOVA kl.12:00
Friluftsgudsteneste/Fjellgudsteneste
avgang frå grustaket i Dvergsdalen kl.11:00

Treiningssøndag – søndag 07.06

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Gudsteneste med nattverd

2. søndag i treiningstida – søndag 14.06

SANDALEN GRENDAAHUS
Gudsteneste

3. søndag i treiningstida – søndag 21.06

KJØSNESHOGEN
Friluftsgudsteneste /Folkemusikk gudsteneste

4. søndag i treiningstida.- Søndag 28.06

VASSENDEN KYRKJESENTER kl.14:00
Gudsteneste med nattverd

JULI**5. søndag i treiningstida – søndag 05.07**

HELGHEIM KYRKJE kl.11:00
Gudsteneste med nattverd.

7. søndag i treiningstida – søndag 19.07

ÅLHUS KYRKJE kl.11:00
Gudsteneste med nattverd

8. søndag i treiningstida – søndag 26.07.

SUNNFJORD MUSEUM, MOVIKA kl.11:00
Gudsteneste ved Olsok

Det kan vere dåp på nesten alle gudstenester, ta kontakt med kyrkjekontoret om ynskje om dåp.

Døypete**HELGHEIM SOKN**

Helgheim kyrkje
29.12.2019 Eiril Knapstad Bødal
26.01.2020 Oline Erikstad
26.01.2020 Ida Holsen Fugle
09.02.2020 Frida Sunde – Flatebø

Døyppt i Ålhus kyrkje
15.12.2020 Ask Sunde

ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje
15.12.2020 Jørgen Årset Trippestad
05.01.2020 Odin Elias Lillemo

Døyppt i Helgheim kyrkje
29.12.2019 Oliver Årnes
09.02.2020 Tirill Natalie Hylderås Gustavsen

Vigde**Helgheim kyrkje**

07.03.2020 Solveig Haugen Sande
og Kai-Arne Teigen

Gravlagde**HELGHEIM SOKN**

Helgheim kyrkje
10.01.2020 Martin Skrede
17.01.2020 Svanhild Sunde
11.02.2020 Knut Veiteberg
25.02.2020 Inga Olina Årdalsbakke

ÅLHUS SOKN

Vassenden kirkesenter
13.12.2019 Ella M Svalheim
18.02.2020 Sigvard Grimsbø
03.03.2020 Arnhild Hjellbrekke



FASTEAKSJONEN

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

For å hindre spreiding også av koronaviruset her i Noreg, blir Kirkens Nødhjelps fasteaksjon i år ikkje ein bøsseaksjon frå dør til dør, men gjennomførast digitalt.

Du kan bidra no når Ålhus og Helgheim sokn gjennomfører den digitale innsamlingsaksjon ved å sende ei gåve til konto-nummer 1594 22 87493, eller VIPPS til 2426, eller sms VANN til 2426 (200,-).

Jenta som spring

Manglar dei vatn på garden, er det ti år gamle Kila som ordnar opp. Viss ho ikkje er ute og spring.

Tekst: ANETTE TORJUSEN
Foto: HÅVARD BJELLAND

Hun pilar over det grønne gras-
set. Lett i steget, barbeint og i
eit flagrande skjørt. Med verdas
største smil.

– Eg elsker å springe. Eg
kan springe heile tida. Det gjer
meg så lukkeleg. Særleg viss
venninnene mine blir med.

Så er det kanskje ikkje så
rart. Ho delar heimlandet Eti-
opia med verdskjende løparar
som Haile Gebrselassie. Men
ho spring ikkje berre fordi det
er kjekt. Ho har nemleg man-
ge plikter i huset, som å hente
reint vatn til familien.

Tungt å bære vatn

10 år gamle Kila Hirpo bur i ein
frodig del av landsbyen Beseko,

cirka fem timar sør for hovud-
staden. Midt på ei grøn slette
ligg huset hennar omringa av
ein maisåker, avokadotre, falske
banantre og eukalyptustre.

Huset er bygd av leire, høy og
trepinnar, og rommar ei stove
og eit soverom. Det delar ho
med besteforeldre, mor, to brør
og ei syster.

– Eg elsker dyra våre. Kyrne
som gir oss mjølk, oksane som
hjelper oss i åkeren og eselet
som hjelper oss med å bere.

Kvar dag hentar ho vatn både
i elva og ved vass-stasjonen.
Den er ein av 14 som landsbyen
fekk av Kirkens Nødhjelp i fjor.
Då vart det bora ein 120 meter
djup brønn, og det vart lagt 16
kilometer med røyr inn til lands-
byen.

– Det er tungt å bere, særleg i
regntida når det er så glatt å gå,
forklarar ho.

Landsbyen fekk vatn i sep-
tember i 2018, men før det
flykta folk frå landsbyen mellom

anna på grunn av sjukdomar dei
fekk av vatnet.

Toppkarakterar i alle fag

Saman med brørne sine hjel-
per ho til på garden. Og ho har
mange oppgåver.

– Eg lagar kaffi, hentar vatn,
fjernar ugras frå maisåkeren og
gjev til dyra, vaskar klede og
huset.

Kila går i fjerde klasse, og ho
er så glad i å gå på skulen at
ho vil bli lærar. Det er nemleg
ei smart ung dame vi har med
å gjere. Som får toppkarakter i
alle fag.

– Skulen er viktig for at vi skal
utvikle oss og få ei utdanning.
Eg vil til universitetet, forklarar
ho.

Matte er favorittfaget.

– Eg vil så gjerne at andre skal
skjøne kor morosamt matte er,
så eg håpar å bli lærar i mellom
anna matte.

Avhengig av hjelp for å hjelpe

For at Kila og andre skal få reint
vatn trengs det hjelp frå man-
ge norske frivillige. Kvart år er
tusentvis av frivillige med på å
samle inn pengar til Kirkens
Nødhjelp sitt arbeid gjennom
Fasteaksjonen. Det er nettopp
desse pengane som gjorde det
mogleg å levere reint og trygt
vatn i Etiopia. For Kila og tu-
senar av andre menneskjer har
dette vore livsviktig hjelp.

Også i år skal frivillige over
heile Noreg vere med på å sam-
le inn pengar til brønnboring,
latrinebygging og andre tiltak
som reddar liv rundt om i verda.

Verda står no overfor ein
pandemi som rammer alle, og i
Kirkens Nødhjelp er vi spesielt
bekymra for dei mest sårbare
menneskja. Kirkens Nødhjelp er
til stade i 30 av dei mest sårbare
landa i verda. Vi er alt i gang
med opplæring om koronaviru-
set og smitteforebygging i våre
vass- og hygieneprosjekt i fleire
av dei landa vi er til stades i.